

MØTEPROTOKOLL

BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE

Møtedato: 07.05.2026**Møtestad:** Kommunestyresalen 4. et.,
Bjørnafjorden rådhus**Møtetid:** 16:00 - 19:55**Behandla saker:** 30-45/2026

Møteleiar:	Parti:
Terje Søviknes	FrP

Møtedeltakarar:	Parti:
Arild Ernst Legland	FrP
Arve Samnøy	H
Asle Olsen	SV
Atle Kvåle	Ap
Bjarte Samnøy	KrF
Christian Lyngbø	FrP
Dina-Helen Lervåg	SP
Eirik André Hesthamar	FrP
Emil Tetlie Brimsholm	H
Erik Oltedal Lunde	H
Espen Aspenes	FrP
Gustav Bahus	FrP
Hans Vindenes	H
Hege Bjørnør	SV
Helge Steinum	Ap
Jo Rune Ugulen Kristiansen	Ap
Jon-Ivar Revne	INP
Kristin Søfteland-Larsson	H
Laila Marie Reiertsen	FrP
Line Furubotn Storum	Ap
Marianne Hjelle	FrP
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H
Nils Ove Lauvik	Uavh
Nils-Anders Nøttseter	MDG
Ole Reinert Berg-Olsen	V
Ove Frotvedt	FrP
Richard Markhus	Ap
Rolf Andre Inde Kjærstad	FrP
Stig Endre Nilsen	FrP
Terje Sperrevik	SP
Terje Søviknes	FrP
Thomas Ryland Olsen	FrP
Thorstein Skårnes	FrP

Tommy Sævareid	INP
Øyvind Straumsnes	Ap

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Bjarte Aarvik	FrP
Espen Engevik	FrP
Hege Aase Tysnes	Sp
Ingrid Øksnes	FrP
Jakob Enerhaug	KrF
Jonn Garvik	FrP
Julia Vetaas	Ap
Lin Cathrin Brunborg Anthun	H
Ole Viggo Skaathun	FrP
Trine Lindborg	Ap

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Arild Ernst Legland	FrP
Atle Kvåle	Ap
Bjarte Samnøy	KrF
Christian Lyngbø	FrP
Dina-Helen Lervåg	Sp
Erik Oltedal Lunde	H
Ove Frotvedt	FrP
Stig Endre Nilsen	FrP
Thorstein Skårnes	FrP
Øyvind Straumsnes	Ap

Frå administrasjonen møtte:
Kommunedirektør Arild M. Steine, kommunalsjefane Monica Totland Melvold, Line Rye og Eystein J. Venneslan, økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, HR-sjef Ingrid Kristin Askvik, rådgivar Ingrid E. Tøsdal og møtesekretær Elisabeth Vinje Nydal
Orientering:

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
30/2026	26/4236 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
31/2026	26/3037 Tildelingskriteria og vedtakspraksis for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden
32/2026	23/7671 Årsrapport og handlingsplan Bjørnafjorden ungdomsråd
33/2026	26/931 Avkastningsrapport pr februar 2026
34/2026	26/931 Avkastningsrapport pr mars 2026
35/2026	26/931 Justering av grunnkapital - 2026
36/2026	25/625 Finansrapport 2026 og styrking av Bufferfond Finans
37/2026	25/21673 Harmonisering av renovasjonsgebyr for lukeåpninger
38/2026	25/21673 Tilbakemelding frå statsforvaltaren - Budsjett 2026/økonomiplan 2026 - 2029
39/2026	22/3238 Fastsetjing av gebyr for løyve til utleige av små elektriske køyretøy på offentlig grunn i Bjørnafjorden kommune
40/2026	25/16879 Mellombels endring av Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve Bjørnafjorden kommune 2025-2029
41/2026	26/2235 Tilknytingsgebyr, nivå
42/2026	26/988 Forsvarsforum Vestland Interkommunalt politisk råd (IPR) - deltaking og godkjenning av samarbeidsavtale
43/2026	23/8782 Søknad om fritak frå politiske verv
44/2026	26/4236 Spørsmål
45/2026	26/4236 Interpellasjon

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 26.03.2026 blei godkjend.
Det var ingen merknader til sakslista.

Behandling og vedtak i sak 30/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Behandling:

Møtet blei sett kl. 16:00

Ole Reinert Berg-Olsen, V var ikkje tilstades ved møtestart.
Det er 34 stemmeføre i salen.

Innkallinga blei godkjent.
Møteprotokoll frå 26.03.2026 blei godkjend.

Merknader til saklista:

- Saklista teller sakane 30-45/2026
- Det er tre innkomne spørsmål i sak 44/2026
- Det er ein innkomen interpellasjon i sak 45/2026
- Det er lagt opp til to innleiande presentasjonar:
 - Orientering frå politiet v/ Anne Lyssand og Trond Sekkingstad
 - Orientering fra Bjørnafjorden utviklingsselskap AS v/Dag Jarle Aksnes og Alf Sognefest
- Rådsleiar Aurora Isabell Naustdal Sjøbø legg frem årsrapporten og handlingsplan for Bjørnafjorden ungdomsråd i sak 32/2026
- Sak 32/2026 Årsrapport og handlingsplan Bjørnafjorden ungdomsråd blir behandla som første ordinære sak etter sak 30/2026.

Saklista blei godkjent med merknader

Ole Reinert Berg-Olsen ankom møtet kl. 16:13
Det er 35 stemmeføre i salen.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 26.03.2026 blei godkjend.
Saklista blei godkjent med merknader.

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 23.04.2026 - 43/2026

Kommunestyret vedtek tildelingskriteria for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden kommune slik dei framkjem av vedlegg 1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre endringar i tildelingskriteria som konsekvens av endringar i lov eller forskrift, eller å leggja til spørsmål og svar, sikra klarspråk og konsistent framstilling av tenester som liknar kvarandre når innhaldet skal ut på kommunen si heimeside og vedlikehaldast der.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at kriteria treng vesentlege justeringar, skal dei kriteria dette gjeld opp til ny politisk behandling. Tenesteutvalet får mynde til å behandla desse.

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande buform for Bjørnafjorden kommune slik den framkjem av vedlegg 2.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at forskrifta treng vesentlege justeringar, skal forskrifta opp til ny politisk behandling. Saka skal til kommunestyret.

Kommunestyret stiller seg bak vedtakspraksis og heilskaplege tenester, slik det er skildra i saka.

Tildelingskriteria og vedtakspraksis skal opp til politisk behandling kvart 4. år, så snart som råd etter kommuneval.

Med heimel i Helse- og omsorgstenestelova § 11-2 gjer kommunestyret vedtak om å innføra følgjande satsar for dei som er innvilga transport mellom og heim og VTA (varig tilrettelagt arbeidstilbod) eller mellom heim og dagsenter for personar med utviklingshemming:

- Dagsentertilbod/VTA 1 dag per veke: Kr 100 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 2 dagar per veke: Kr 200 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 3 dagar per veke: Kr 300 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 4 dagar per veke: Kr 400 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 5 dagar per veke: Kr 500 per måned

Betalingssatsane er gjeldande frå 1.8.2026 og inngår i kommunen sitt gebyrregulativ.

Prisvekstregulering vert vurdert årleg ved behandling av gebyrregulativet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek tildelingskriteria for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden kommune slik dei framkjem av vedlegg 1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre endringar i tildelingskriteria som konsekvens av endringar i lov eller forskrift, eller å leggja til spørsmål og svar, sikra klarspråk og konsistent framstilling av tenester som liknar kvarandre når innhaldet skal ut på kommunen si heimeside og vedlikehaldast der.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at kriteria treng vesentlege justeringar, skal dei kriteria dette gjeld opp til ny politisk behandling. Tenesteutvalet får mynde til å behandla desse.

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande buform for Bjørnafjorden kommune slik den framkjem av vedlegg 2.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at forskrifta treng vesentlege justeringar, skal forskrifta opp til ny politisk behandling. Saka skal til kommunestyret.

Kommunestyret stiller seg bak vedtakspraksis og heilskaplege tenester, slik det er skildra i saka.

Tildelingskriteria og vedtakspraksis skal opp til politisk behandling kvart 4. år, så snart som råd etter kommuneval.

Med heimel i Helse- og omsorgstenestelova § 11-2 gjer kommunestyret vedtak om å innføra følgjande satsar for dei som er innvilga transport mellom og heim og VTA (varig tilrettelagt arbeidstilbod) eller mellom heim og dagsenter for personar med utviklingshemming:

- Dagsentertilbod/VTA 1 dag per veke: Kr 100 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 2 dagar per veke: Kr 200 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 3 dagar per veke: Kr 300 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 4 dagar per veke: Kr 400 per måned
- Dagsentertilbod/VTA 5 dagar per veke: Kr 500 per måned

Betalingssatsane er gjeldande frå 1.8.2026 og inngår i kommunen sitt gebyrregulativ. Prisvekstregulering vert vurdert årleg ved behandling av gebyrregulativet.

Behandling og vedtak i sak 31/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Framlegg til vedtak frå Jo Rune Ugulen Kristiansen, Arbeidarpartiet

Alternativt framlegg utan nytt gebyr

Kommunestyret vedtek tildelingskriteria for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden kommune slik dei framkjem av vedlegg 1.

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre endringar i tildelingskriteria som konsekvens av endringar i lov eller forskrift, eller å leggja til spørsmål og svar, sikra klarspråk og konsistent framstilling av tenester som liknar kvarandre når innhaldet skal ut på kommunen si heimeside og vedlikehaldast der.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at kriteria treng vesentlege justeringar, skal dei kriteria dette gjeld opp til ny politisk behandling. Tenesteutvalet får mynde til å behandla desse.

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande buform for Bjørnafjorden kommune slik den framkjem av vedlegg 2.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at forskrifta treng vesentlege justeringar, skal forskrifta opp til ny politisk behandling. Saka skal til kommunestyret.

Kommunestyret stiller seg bak vedtakspraksis og heilskaplege tenester, slik det er skildra i saka. Tildelingskriteria og vedtakspraksis skal opp til politisk behandling kvart 4. år, så snart som råd etter kommuneval.

Framlegg til vedtak frå Tommy Sævareid, Industri- og Næringspartiet

Forslag til punktvis vedtak

1. Tildelingskriterium

Kommunestyret vedtek tildelingskriteria for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden kommune slik dei framkjem av vedlegg 1.

2. Fullmakt til kommunedirektøren

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre endringar i tildelingskriteria som følgje av endringar i lov eller forskrift, samt redaksjonelle endringar som gjeld klarspråk,

spørsmål-og-svar og konsistent framstilling av likearta tenester.

3. Vesentlege endringar – politisk handsaming

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier vesentlege endringar i tildelingskriteria, skal dei aktuelle kriteria leggjast fram for ny politisk handsaming.

Tenesteutvalet får mynde til å behandle desse.

4. Forskrift om langtidsopphald i sjukeheim

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende buform for Bjørnafjorden kommune slik ho framkjem av vedlegg 2.

5. Revisjon av regelverk og praksis

Tildelingskriteria og vedtakspraksis skal leggjast fram for politisk behandling kvart 4. år, så snart råd er etter kommuneval.

6. Brukarbetaling for transport til/frå VTA og dagsenter – eige vedtakspunkt

Med heimel i helse- og omsorgstenestelova § 11-2 vedtek kommunestyret å innføre brukarbetaling for transport mellom heim og:

- VTA (varig tilrettelagt arbeid), og
- dagsenter for personar med utviklingshemming,

med følgjande månadsvise satsar:

- 1 dag per veke: kr 100
- 2 dagar per veke: kr 200
- 3 dagar per veke: kr 300
- 4 dagar per veke: kr 400
- 5 dagar per veke: kr 500

Satsane gjeld frå 1.8.2026 og skal inngå i kommunen sitt gebyrregulativ. Eventuell prisjustering vert vurdert årleg i samband med handsaming av gebyrregulativet.

Behandling:

Møtet blei sett att kl. 18:16

Saka blei behandla etter sak 32/2026

Tommy Sævareid, INP ba om separat votering over punkt 6.

Jo Rune Ugulen Kristiansen, Ap trakk sitt alternative forslag til vedtak.

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap punkt 1-5 blei einstemmig vedtatt.

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap punkt 6 blei vedtatt mot 12 stemmer (6Ap, 2INP, 2Sp, 2SV).

Vedtak:

Kommunestyret vedtek tildelingskriteria for helse- og velferdssektoren i Bjørnafjorden kommune slik dei framkjem av vedlegg 1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre endringar i tildelingskriteria som konsekvens av endringar i lov eller forskrift, eller å leggja til spørsmål og svar, sikra klarspråk og konsistent framstilling av tenester som liknar kvarandre når innhaldet skal ut på kommunen si heimeside og vedlikehaldast der.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at kriteria treng vesentlege justeringar, skal dei kriteria dette gjeld opp til ny politisk behandling. Tenesteutvalet får mynde til å behandla desse.

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande buform for Bjørnafjorden kommune slik den framkjem av vedlegg 2.

Dersom framtidige politiske vedtak i relevante prosjekt i innsats- og bustadtrapp tilseier at forskrifta treng vesentlege justeringar, skal forskrifta opp til ny politisk behandling. Saka skal til kommunestyret.

Kommunestyret stiller seg bak vedtakspraksis og heilskaplege tenester, slik det er skildra i saka.

Tildelingskriteria og vedtakspraksis skal opp til politisk behandling kvart 4. år, så snart som råd etter kommuneval.

Med heimel i Helse- og omsorgstenestelova § 11-2 gjer kommunestyret vedtak om å innføra følgjande satsar for dei som er innvilga transport mellom og heim og VTA (varig tilrettelagt arbeidstilbod) eller mellom heim og dagsenter for personar med utviklingshemming:

- Dagsentertilbod/MTA 1 dag per veke: Kr 100 per månad
- Dagsentertilbod/MTA 2 dagar per veke: Kr 200 per månad
- Dagsentertilbod/MTA 3 dagar per veke: Kr 300 per månad
- Dagsentertilbod/MTA 4 dagar per veke: Kr 400 per månad
- Dagsentertilbod/MTA 5 dagar per veke: Kr 500 per månad

Betalingsssatsane er gjeldande frå 1.8.2026 og inngår i kommunen sitt gebyrregulativ. Prisvekstregulering vert vurdert årleg ved behandling av gebyrregulativet.

32/2026 - ÅRSRAPPORT OG HANDLINGSPLAN BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek ungdomsrådet sin årsrapport for 2025 og handlingsplan for 2026 til orientering.

Behandling og vedtak i sak 32/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 30/2026

Rådsleiar Aurora Isabell Naustdal Sjøbø la frem årsrapport og handlingsplan for Bjørnafjorden ungdomsråd.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei midlertidig heva kl. 17:42

Vedtak:

Kommunestyret tek ungdomsrådet sin årsrapport for 2025 og handlingsplan for 2026 til orientering.

33/2026 - AVKASTNINGSRAPPORT PR FEBRUAR 2026

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 23.04.2026 - 34/2026

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. februar 2026 frå Norne Securities til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. februar 2026 frå Norne Securities til orientering.

Behandling og vedtak i sak 33/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 31/2026.

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. februar 2026 frå Norne Securities til orientering.

34/2026 - AVKASTNINGSRAPPORT PR MARS 2026

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 23.04.2026 - 35/2026

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. mars 2026 frå Norne Securities til orientering.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. mars 2026 frå Norne Securities til orientering.

Behandling og vedtak i sak 34/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar avkastningsrapport pr. mars 2026 frå Norne Securities til orientering.

35/2026 - JUSTERING AV GRUNNKAPITAL - 2026

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 23.04.2026 - 36/2026

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at grunnkapitalen knytt til kommunen sin langsiktige finansportefølje blir styrka med 7,2 mill. kr.
2. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar i tillegg at grunnkapitalen knytt til kommunen sin langsiktige finansportefølje blir styrka med 11,2 mill. kr, ref K-sak 90/2023.
3. Beløpa blir dekket ved overføring av midlar frå kommunestyret sitt disposisjonsfond, konto 25600007.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at grunnkapitalen knytt til kommunen sin langsiktige finansportefølje blir styrka med 7,2 mill. kr.
2. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar i tillegg at grunnkapitalen knytt til kommunen sin langsiktige finansportefølje blir styrka med 11,2 mill. kr, ref K-sak 90/2023.
3. Beløpa blir dekket ved overføring av midlar frå kommunestyret sitt disposisjonsfond, konto 25600007.

Behandling og vedtak i sak 35/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar at grunnkapitalen knytt til kommunen sin langsiktige finansportefølje blir styrka med 7,2 mill. kr.
2. Bjørnafjorden kommunestyre vedtar i tillegg at grunnkapitalen knytt til kommunen sin langsiktige finansportefølje blir styrka med 11,2 mill. kr, ref K-sak 90/2023.
3. Beløpa blir dekket ved overføring av midlar frå kommunestyret sitt disposisjonsfond, konto 25600007.

36/2026 - FINANSRAPPORT 2026 OG STYRKING AV BUFFERFOND FINANS

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 23.04.2026 - 37/2026

1. Kommunestyret tar Finansrapport for 2025 til orientering.
2. Kommunestyret vedtar å styrke Bufferfond Finans (konto 25600001) med kr. 4.302.709,- slik at ny saldo blir kr. 40.000.000.
3. Midlane skal overførast frå Kommunestyret sitt disposisjonsfond (konto 25600007).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar Finansrapport for 2025 til orientering.
2. Kommunestyret vedtar å styrke Bufferfond Finans (konto 25600001) med kr. 4.302.709,- slik at ny saldo blir kr. 40.000.000.
3. Midlane skal overførast frå Kommunestyret sitt disposisjonsfond (konto 25600007).

Behandling og vedtak i sak 36/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

1. Kommunestyret tar Finansrapport for 2025 til orientering.
2. Kommunestyret vedtar å styrke Bufferfond Finans (konto 25600001) med kr. 4.302.709,- slik at ny saldo blir kr. 40.000.000.
3. Midlane skal overførast frå Kommunestyret sitt disposisjonsfond (konto 25600007).

37/2026 - HARMONISERING AV RENOVASJONSGBYR FOR LUKEÅPNINGAR

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 23.04.2026 - 38/2026

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å endre pris på renovasjonsgebyr for 2026 slik at pris pr. lukeåpning (varekode 1510) blir redusert frå kr. 22,50 til kr. 11,25.

Endring skal skje med virkning frå 1/1 2026.

Vedtaket er i tråd med forslag frå BIR AS.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å endre pris på renovasjonsgebyr for 2026 slik at pris pr. lukeåpning (varekode 1510) blir redusert frå kr. 22,50 til kr. 11,25.

Endring skal skje med virkning frå 1/1 2026.

Vedtaket er i tråd med forslag frå BIR AS.

Behandling og vedtak i sak 37/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar å endre pris på renovasjonsgebyr for 2026 slik at pris pr. lukeåpning (varekode 1510) blir redusert frå kr. 22,50 til kr. 11,25.

Endring skal skje med virkning frå 1/1 2026.

Vedtaket er i tråd med forslag frå BIR AS.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tar Statsforvaltaren si tilbakemelding vedr Budsjett 2026/økonomiplan 2026 - 2029 til orientering.

Behandling og vedtak i sak 38/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Kommunestyret tar Statsforvaltaren si tilbakemelding vedr Budsjett 2026/økonomiplan 2026 - 2029 til orientering.

**39/2026 - FASTSETJING AV GEBYR FOR LØYVE TIL UTLEIGE AV SMÅ ELEKTRISKE
KØYRETØY PÅ OFFENTLEG GRUNN I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Lov om utleie av små elektriske kjøretøy på offentlig grunn § 5 og Forskrift om utleie av små elektriske kjøretøy på offentlig grunn i Bjørnafjorden kommune § 17, gjer kommunestyret vedtak om å innføra følgjande gebyr for utleie av små elektriske kjøretøy på offentlig grunn i Bjørnafjorden kommune:

- Det skal betalast eit samla gebyr på kr 72 000 per år for den perioden løyvet til utleie gjeld. Dersom det blir gjeve løyve til fleire utleigarar, blir gebyret delt likt mellom aktørane.
- Ved auke i det maksimale talet på kjøretøy i løyveperioden, blir gebyret justert tilsvarende auken. Gebyrauken blir berekna med kr 20 per sparkesykkel per månad, og fordelt på dei aktørane som får utvida løyve.
- Timesats for fjerning og forvaring av små elektriske kjøretøy er kr 1350. Gebyr reknast på grunnlag av medgått tid.

Gebyret skal varslast om som del av utlysinga av løyve, og trer i kraft den dagen løyveperioden startar. Gebyret inngår i kommunen sitt gebyrregulativ.

Storleiken på gebyra blir vurdert i samband med behandling av budsjettet. Timesats for fjerning og forvaring blir justert årleg, medan gebyret for løyvet blir justert i forkant av kvar ny utlysing av løyve.

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Med heimel i Lov om utleie av små elektriske kjøretøy på offentlig grunn § 5 og Forskrift om utleie av små elektriske kjøretøy på offentlig grunn i Bjørnafjorden kommune § 17, gjer kommunestyret vedtak om å innføra følgjande gebyr for utleie av små elektriske kjøretøy på offentlig grunn i Bjørnafjorden kommune:

- Det skal betalast eit samla gebyr på kr 72 000 per år for den perioden løyvet til utleie gjeld. Dersom det blir gjeve løyve til fleire utleigarar, blir gebyret delt likt mellom aktørane.
- Ved auke i det maksimale talet på kjøretøy i løyveperioden, blir gebyret justert tilsvarende auken. Gebyrauken blir berekna med kr 20 per sparkesykkel per måned, og fordelt på dei aktørane som får utvida løyve.
- Timesats for fjerning og forvaring av små elektriske kjøretøy er kr 1350. Gebyr reknast på grunnlag av medgått tid.

Gebyret skal varslast om som del av utlysinga av løyve, og trer i kraft den dagen løyveperioden startar. Gebyret inngår i kommunen sitt gebyrregulativ.

Storleiken på gebyra blir vurdert i samband med behandling av budsjettet. Timesats for fjerning og forvaring blir justert årleg, medan gebyret for løyvet blir justert i forkant av kvar ny utlysing av løyve.

40/2026 - MELLOMBELS ENDRING AV RETNINGSLINJER FOR SALS- OG SKJENKELØYVE BJØRNAFJORDEN KOMMUNE 2025-2029

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 23.04.2026 - 40/2026

Maksimaltida for skjenking av alkohol i gruppe 1 og gruppe 2 i *Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029*, blir endra til kl. 06.00 i tråd med foreslått lovendring frå Helse- og omsorgsdepartementet under fotball VM for herrar 2026 under forutsetning av at lovendringa blir vedtatt. Utvida skjenketid har vilkår om at skjenkestaden viser direktesende kampar frå fotball-VM for herrar 2026 for gjestane sine.

Utviding av maksimaltida for skjenking blir avgrensa til netter der Noreg spelar kampar i gruppespelet. I tillegg gjeld utviding av maksimaltida for skjenking netter der kampar i sluttspillet kan koma til å vara utover klokka 03.00 norsk tid. For sluttspillet gjeld dette uansett om Noreg spelar eller ikkje.

Skjenkestader og arrangørar, som ønskjer midlertidig utvida skjenketid, må senda søknad innan fristar som kommunen fastset.

Både løyvehavarar med fast skjenkeløyve, og arrangørar som søker løyve for eit særleg høve, kan søka om midlertidig utvida skjenketid i forbindelse med Fotball-VM 2026.

Servering i lukka telt er å rekna som servering innandørs.

Opplysningar om kontrolltiltak må leggjast ved søknaden.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fatta enkeltvedtak om midlertidig utvida skjenketid, innanfor rammene av midlertidig endring i Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029 og endring i alkohollova § 4-4.

Endringane gjeld i perioden 11. juni - 19. juli 2026, og dannar ikkje presedens for seinare arrangement.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Maksimaltida for skjenking av alkohol i gruppe 1 og gruppe 2 i *Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029*, blir endra til kl. 06.00 i tråd med foreslått lovendring frå Helse- og omsorgsdepartementet under fotball VM for herrar 2026 under forutsetning av at lovendringa blir vedtatt. Utvida skjenketid har vilkår om at skjenkestaden viser direktesende kampar frå fotball-VM for herrar 2026 for gjestane sine.

Utviding av maksimaltida for skjenking blir avgrensa til netter der Noreg spelar kampar i gruppespelet, og til netter med eventuelle kampar i seinare utslagsrundar, der kampane etter tidsoppsett kan koma til å vara utover klokka 03.00 norsk tid.

Skjenkestader og arrangørar, som ønskjer midlertidig utvida skjenketid, må senda søknad innan fristar som kommunen fastset.

Både løyvehavarar med fast skjenkeløyve, og arrangørar som søker løyve for eit særleg høve, kan søka om midlertidig utvida skjenketid i forbindelse med Fotball-VM 2026. Opplysningar om kontrolltiltak må leggjast ved søknaden.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fatta enkeltvedtak om midlertidig utvida skjenketid, innanfor rammene av midlertidig endring i Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029 og endring i alkohollova § 4-4.

Endringane gjeld i perioden 11. juni - 19. juli 2026, og dannar ikkje presedens for seinare arrangement.

Behandling og vedtak i sak 40/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Framlegg til vedtak frå Helge Steinum, Arbeidarpartiet

Forslag til vedtak fra Helge Steinum

Maksimaltida for skjenking av alkohol i gruppe 1 og gruppe 2 i Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029, blir endra til kl. 06.00 i tråd med Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift lovendring frå Helse- og omsorgsdepartementet under fotball VM for herrar 2026 under forutsetning av at lovendringa blir vedtatt. Utvida skjenketid har vilkår om at skjenkestaden viser direktesende kampar frå fotball-VM for herrar 2026 for gjestane sine.

Utviding av maksimaltida for skjenking blir avgrensa til netter der Noreg spelar kampar i gruppespelet, og til netter med eventuelle kampar i seinare utslagsrundar, der kampane etter tidsoppsett kan koma til å vara utover klokka 03.00 norsk tid.

Skjenkestader og arrangørar, som ønskjer midlertidig utvida skjenketid, må senda søknad innan fristar som kommunen fastset.

Både løyvehavarar med fast skjenkeløyve, og arrangørar som søker løyve for eit særleg høve, kan søka om midlertidig utvida skjenketid i forbindelse med Fotball-VM 2026.

Servering i lukka telt er å rekna som servering innandørs.

Opplysningar om kontrolltiltak må leggjast ved søknaden.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fatta enkeltvedtak om midlertidig utvida skjenketid, innanfor rammene av midlertidig endring i Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029 og endring i alkohollova § 4-4.

Endringane gjeld i perioden 11. juni - 19. juli 2026, og dannar ikkje presedens for seinare

arrangement.

Behandling:

Votering:

Forslag til vedtak om å ikkje ha utvida skjenketid fekk 10 stemmer (5 Ap - Øyvind Straumsnes, Line F. Storum, Richard Markhus, Atle Kvåle og Jo Rune Ugulen Kristiansen, 1KrF, 1MDG, 2SV, 1Sp - Dina H. Lervåg) og fall.

Alternativt forslag til vedtak fremma av Helge Steinum, Ap fekk 2 stemmer (1Ap - Helge Steinum, 1KrF) og fall.

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap fekk 24 stemmer (13FrP, 6H, 2INP, 1Uavh., 1V, 1Sp - Terje Sperrevik) mot 11 stemmer (6Ap, 2SV, 1KrF, 1MDG, 1Sp - Dina H. Lervåg) og blei vedtatt.

Vedtak:

Maksimaltida for skjenking av alkohol i gruppe 1 og gruppe 2 i *Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029*, blir endra til kl. 06.00 i tråd med foreslått lovendring frå Helse- og omsorgsdepartementet under fotball VM for herrar 2026 under forutsetning av at lovendringa blir vedtatt. Utvida skjenketid har vilkår om at skjenkestaden viser direktesende kampar frå fotball-VM for herrar 2026 for gjestane sine.

Utviding av maksimaltida for skjenking blir avgrensa til netter der Noreg spelar kampar i gruppespelet. I tillegg gjeld utviding av maksimaltida for skjenking netter der kampar i sluttspillet kan koma til å vara utover klokka 03.00 norsk tid. For sluttspillet gjeld dette uansett om Noreg spelar eller ikkje.

Skjenkestader og arrangørar, som ønskjer midlertidig utvida skjenketid, må senda søknad innan fristar som kommunen fastset.

Både løyvehavarar med fast skjenkeløyve, og arrangørar som søker løyve for eit særleg høve, kan søka om midlertidig utvida skjenketid i forbindelse med Fotball-VM 2026.

Servering i lukka telt er å rekna som servering innandørs.

Opplysningar om kontrolltiltak må leggjast ved søknaden.

Kommunedirektøren får fullmakt til å fatta enkeltvedtak om midlertidig utvida skjenketid, innanfor rammene av midlertidig endring i Retningslinjer for sals- og skjenkeløyve i Bjørnafjorden kommune 2025-2029 og endring i alkohollova § 4-4.

Endringane gjeld i perioden 11. juni - 19. juli 2026, og dannar ikkje presedens for seinare arrangement.

41/2026 - TILKNYTINGSGEBYR, NIVÅ

Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 23.04.2026 - 44/2026

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek at:

- gebyrregulativ for tilkoplingsgebyr vert frå 2027 redusert med 10%.
- Forskrifta for vass og avløp vert endra slik at areal knytt til parkering ikkje blir rekna med i gebyrgrunnlaget for tilkoplingsgebyr..

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek at:

- gebyrregulativ for tilkoplingsgebyr vert frå 2027 redusert med 10%.
- Forskrifta for vass og avløp vert endra slik at areal knytt til parkering ikkje blir rekna med i gebyrgrunnlaget for tilkoplingsgebyr..

Behandling og vedtak i sak 41/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Behandling:

Votering:

Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei vedtatt mot 4 stemmer (2SV, 1V, 1MDG).

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek at:

- gebyrregulativ for tilkoplingsgebyr vert frå 2027 redusert med 10%.
- Forskrifta for vass og avløp vert endra slik at areal knytt til parkering ikkje blir rekna med i gebyrgrunnlaget for tilkoplingsgebyr.

42/2026 - FORSVARSFORUM VESTLAND INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD (IPR) - DELTAKING OG GODKJENNING AV SAMARBEIDSAVTALE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek:

1. Bjørnafjorden kommune deltek som medlem i Forsvarsforum Vestland IPR.
2. Bjørnafjorden kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for Forsvarsforum Vestland IPR slik den ligg føre som vedlegg til saka.
3. Ordføraren blir vald som kommunen sin representant i representantskapet, og varaordføraren som vara.
4. Kommunedirektøren får ansvar for den administrative oppfølginga av kommunen si deltaking i Forsvarsforum Vestland IPR.

Behandling og vedtak i sak 42/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek:

1. Bjørnafjorden kommune deltek som medlem i Forsvarsforum Vestland IPR.
2. Bjørnafjorden kommune sluttar seg til samarbeidsavtalen for Forsvarsforum Vestland IPR slik den ligg føre som vedlegg til saka.
3. Ordføraren blir vald som kommunen sin representant i representantskapet, og varaordføraren som vara.

4. Kommunedirektøren får ansvar for den administrative oppfølginga av kommunen si deltaking i Forsvarsforum Vestland IPR.

43/2026 - SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Ingrid Øksnes, Frp, får fritak frå sine verv i folkevalde organ i Bjørnafjorden kommune.
2. Som ny, fast medlem i Bjørnafjorden kommunestyret veljast Kristine Hjartnes, Frp
3. Som ny 16. vararepresentant for Frp veljast Jonny Bjørnarøy, FrP
4. Som ny, fast medlem i Bjørnafjorden eldreråd veljast
5. Som 3. varamedlem i Bjørnafjorden formannskap, Bjørnafjorden valstyre, Bjørnafjorden formannskap som klagenemnd og Bjørnafjorden formannskap - eigarmøte Bjørnafjorden utviklingsselskap AS veljast
6. Som ny, fasta medlem i samarbeidsutvalet for Baldersheim skule veljast
7. Som 2. varamedlem for Frp i ombudsutvalet veljast
8. Som 3. varamedlem i Eigedomsutvalet veljast

Behandling og vedtak i sak 43/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Framlegg til vedtak frå Terje Søviknes, Fremskrittspartiet Framlegg FrP

4. Som ny, fast medlem i Bjørnafjorden eldreråd veljast Marianne Hjelle (opprykk). Ny 1.varamedlem Stig Endre Nilsen (opprykk), ny 2.varamedlem Kristine Hjartnes.
5. Som 3. varamedlem i Bjørnafjorden formannskap, Bjørnafjorden valstyre, Bjørnafjorden formannskap som klagenemnd og Bjørnafjorden formannskap - eigarmøte Bjørnafjorden utviklingsselskap AS veljast Marianne Hjelle (opprykk). Ny 4.varamedlem Bjarte Aarvik (opprykk), ny 5.varamedlem Kristine Hjartnes.
6. Som ny, fast medlem i samarbeidsutvalet for Baldersheim skule veljast Arild Ernst Legland.
7. Som 2. varamedlem for Frp i ombudsutvalet veljast Nathalie Reiertsen (opprykk). Ny 3.varamedlem Carl Johan Haugen (opprykk), ny 4.varamedlem Rolf Andre Kjærstad.
8. Som 3. varamedlem i Eigedomsutvalet veljast Marianne Hjelle.

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak med tilhøyrande tilleggsforslag fremma av Terje Søviknes, FrP blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

1. Ingrid Øksnes, Frp, får fritak frå sine verv i folkevalde organ i Bjørnafjorden kommune.
2. Som ny, fast medlem i Bjørnafjorden kommunestyret veljast Kristine Hjartnes, Frp
3. Som ny 16. vararepresentant for Frp veljast Jonny Bjørnarøy, FrP

4. Som ny, fast medlem i Bjørnafjorden eldreråd veljast Marianne Hjelle (opprykk). Ny 1.varamedlem Stig Endre Nilsen (opprykk), ny 2.varamedlem Kristine Hjartnes.
5. Som 3. varamedlem i Bjørnafjorden formannskap, Bjørnafjorden valstyre, Bjørnafjorden formannskap som klagenemnd og Bjørnafjorden formannskap - eigarmøte Bjørnafjorden utviklingsselskap AS veljast Marianne Hjelle (opprykk). Ny 4.varamedlem Bjarte Aarvik (opprykk), ny 5.varamedlem Kristine Hjartnes.
6. Som ny, fast medlem i samarbeidsutvalet for Baldersheim skule veljast Arild Ernst Legland.
7. Som 2. varamedlem for Frp i ombudsutvalet veljast Nathalie Reiertsen (opprykk). Ny 3.varamedlem Carl Johan Haugen (opprykk), ny 4.varamedlem Rolf Andre Kjærstad.
8. Som 3. varamedlem i Eigedomsutvalet veljast Marianne Hjelle

44/2026 - SPØRSMÅL

Spørsmål frå Line Furubotn Storum, Ap om "Idrettsanlegg Søfteland"

Ordførar har i møte med berørte partar uttalt at det er *Søfteland sin tur*, og at Bergstø idrettsanlegg skal få fortgang. Formannskapet har tidlegare bevilga 400 000 kroner til prosjektet.

I PBM 22.april stilte underteikna spørsmål om status på idrettsanlegget, og utvalet fekk informasjon om at det hadde vore ute ein minikonkurranse, og at pristilbodet kommunen hadde fått på kunnskapsgrunnlaget ein treng for å ferdigstille planen var langt over det vi har budsjettmidlar til, det var òg sett ein frist på å svare opp tilbodet til 1.mai.

I lokalmedia kan vi lese at ordførar har funne ei løysing, det set vi stor pris på, vi ønskjer likevel ei oppklaring på følgjande:

1. Vil det kome ny sak til politisk behandling når det gjeld midlane ordførar har funne ei løysing på?
2. Om midlane er teke frå dei generelle midlane planavdelinga har til kjøp av eksterne tenester, kva konsekvensar vil det ha for anna planarbeid, og eventuelt KPA?
3. Er avtalen om nødvendig kunnskapsgrunnlag signert?
4. Om avtalen er signert, kva er i såfall prisen på denne?
5. Kan vi no forvente at planen om idrettsanlegg på Søfteland kjem til 1. gongshandsaming før sommaren?

Spørsmål frå Richard Markhus, Ap om "Flytte rehabiliteringsplassar frå Fusa bu- og behandlingssenter"

Bakgrunnen for saka om å flytte rehabiliteringsplassar frå Fusa bu- og behandlingssenter (FBBS) til Luranetunet vert ofte presentert som eit reint fagleg og økonomisk spørsmål. Men for oss som bur på «austsida», handlar dette om noko langt meir grunnleggjande: Det handlar om tryggleik, nærleik til tenestene og framtida for FBBS som ein fullverdig institusjon.

Eg vil særleg peike på tre alvorlege konsekvensar for Fusa-sida:

1. Svekking av det lokale fagmiljøet: Når vi flyttar spesialiserte tenester som rehabilitering bort frå Eikelandssosen, fryktar eg ein dominoeffekt. Som fagfolk har åttvara om, risikerer vi at det sterke kompetansemiljøet vi har bygd opp ved FBBS smuldrar opp. Viss dei mest spennande fagoppgåvene forsvinn, vert det endå vanskelegare å rekruttere og halde på sjukepleiarar og terapeutar i framtida.
2. Ekstrabelasting for pasientar og pårørande: Rehabilitering er ein sårbar fase der støtte frå familien er avgjerande. Ved å flytte tilbodet over fjorden, legg vi ein

betydeleg geografisk og økonomisk terskel på pårørande. Lang reiseveg betyr færre besøk, noko som i ytste konsekvens kan gå ut over pasienten si meistring og motivasjon.

Ein bit-for-bit-nedbygging: Vi har allereie sett redusert drift ved FBBS grunna bemanningsutfordringar. Når vi no vurderer å flytte rehabiliteringa permanent, ser det ut som ein vilja strategi for å sentralisere tenestene til Os. Er målet at FBBS berre skal vere ein «oppbevaringsplass» for langtidsbebuarar, medan alt av aktiv behandling skal skje på LBBS?

Spørsmål til ordførar

1. Prinsipp, nærheit og brukartilpassing

Korleis vurderer ordføraren at nedbygging og sentralisering av korttids- og rehabiliteringstilbodet frå Fusa til Os er i tråd med FrP sin politikk om valfriheit, nærleik til tenester og brukartilpassa løysingar?

2. Likeverd og valfriheit i praksis

Meiner ordføraren at denne omlegginga sikrar likeverdige tenester og reell valfriheit for innbyggjarane i Fusa-delen av kommunen, eller inneber ho ei svekking av desse prinsippa?

3. Langsiktige konsekvensar og alternativ

Korleis vurderer ordføraren dei langsiktige konsekvensane av sentraliseringa, både når det gjeld berekraft, kapasitet og behov i ei aldrande befolkning – og kva alternative løysingar har vore vurderte?

4. Fordeling og politisk ansvar

Ser ordføraren ein risiko for at vedtaket kan opplevast som skeivfordeling etter kommunesamanslåinga, og korleis vil det politiske ansvaret bli vurdert dersom konsekvensane blir auka press på andre tenester eller redusert kvalitet?

Oppsummert :

Nedbygging av det faglige tilbudet ved Fusa bu- og behandlingssenter innebærer tap av rehabiliteringskompetanse, svekket pasientforløp for innbyggjarane i Fusa-delen og redusert fleksibilitet i kommunens helse- og omsorgstenester. På lengre sikt kan dette gi økte kostnader, fleire langtidsinnleggelser og begrensa handlingsrom for kommunen.

Spørsmål frå Richard Markhus, Ap om "Heimetenestene i Søre Fusa"

Tittel: Sentralisering vs. Tryggheit – Kva kostar det å flytte heimatenestene?

Ordførar

I arbeidet med å sikra en berekraftig kommuneøkonomi, ser me ofte mot effektivisering og samanslåing av tenester. Flyttinga av heimatenestene fra Baldersheim til Eikelandsosen er eit slikt tiltak. Bakteppet er behovet for større fagmiljø, meir robust bemanning og likare tenestetilbod.

Det faglege argumentet for å samle kreftene i større sentra er velkjent: Det gir betre moglegheiter for spesialisering, økt tilgang på kompetanse, og det kan gjere det lettare å handtera sjukefråvær og ferieavvikling.

Men, me må også snakke om prisen for denne sentraliseringa.

For mange av våre innbyggjare i Søre Fusa, er heimatenesten den viktigaste trygghetsfaktoren i kvardagen. Når basen flyttast, flyttar me ikkje berre ein kontorplass – me flytter ein trygghet.

Dette inneberer betydelege utfordringar:

1. **For brukarane:** Me mister den unike lokalkunnskapen. Heimesjukepleiarane som kjenner kvar sving, kvar pasient, og pasientens historie, erstattast av lengre reiseveg. Det blir lengre responstid ved akutte behov, og færre moglegheiter for de korte, uformelle samtalene som bygger tillit. Vi risikerer at brukarane opplever tenesta som meir upersonleg og mekanisk.
2. **For dei ansatte:** En lengre arbeidsveg frå base til brukar betyr meir tid i bil og mindre tid med pasienten. Dette skaper et unødvendig tidspress på en allereie travel

kvardag, og det kan føra til auka stress og redusert arbeidsglede. I verste fall kan vi miste dyktige fagfolk som føler dei ikkje får gjort jobben sin godt nok.

3. **Lokalmiljøet:** Flyttinga er ein svekkelse av det offentlege tilbodet i distriktet. Det signaliserer at sentrum er viktigare enn utkanten.

Eg anerkjenner behovet for større fagmiljø, men er bekymra for at vi i jakta på rasjonalisering ofrar den nære og trygge omsorgen.

Mine spørsmål til ordføraren er derfor:

- Kva konkrete tiltak skal iverksetjast for å sikre at responstida for pasientar frå Søre Fusa ikkje aukar?
- Korleis skal me sikre at heimetenesten fortsatt kan tilby den lokale tryggheta, sjølv om basen er fysisk flytta?
- Har me regnet godt nok på de skjulte kostnadene ved økt reisetid for de ansatte?
- Har ein involvert og informert dei ansatte tilstrekkelig, og er dei blitt høyrte under handteringa i denne omstillingsprosessen?
- Kva risikovurderingar er gjort for å belyse dei positive og negative sider som ender med konklusjon av flytting av basen på Baldersheim?

Vi må sikre at vi ikkje sentraliserer oss vekk frå det som gjer heimatenesten god.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Behandling og vedtak i sak 44/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Behandling:

Line Furubotn Storum, Ap fremført sitt spørsmål om "Idrettsanlegg Søfteland"

Ordfører Terje Søviknes, FrP svara på spørsmålet.

Finansiering av konsulentoppdrag vedr. reguleringsplanen for idrettsanlegget vart drøfta i ordførarmøte med administrasjonen 27.april.

Konklusjonen vart at kostnaden etter anbudsrunder kan dekkjast innfor avsette planmidlar 2026 på Planavdelinga, og at det evt. kan løftast sak til politisk handsaming seinare i år dersom avdelinga treng å få tilført meir midlar for å halda oppe produksjonen gjennom året. P.t. er det imidlertid ikkje grunn til å tru at ein treng å få tilført meir planmidlar i 2026.

KPA-prosessen er finansiert med eigne midlar, så auka kostnad til Søfteland-planen påverkar ikkje dette arbeidet. I høve andre planar vurder Planavdelinga at intern kapasitet er ei større utfordring enn rammene for innkjøp av konsulenttenester, ref. det omfattande KPA-arbeidet som bind opp mykje personellressursar i 2026.

Avtalen om kunnskapsgrunnlag for Søfteland-planen er ikkje signert. P.t. er ein i ein forhandlingsprosess m/konsulent om endeleg omfang og økonomisk ramme for arbeidet, og ein tek sikte på å signera avtalen i neste veke.

I følgje Planavdelinga legg ein opp til at reguleringsplanen for Søfteland Idrettsanlegg kan sendast på høyring til hausten.

Richard Markhus, Ap fremførte sitt spørsmål om "Heimatenesta i Søre Fusa"

Ordførar Terje Søviknes, FrP svara på spørsmålet:

Ordførar har her henta inn svar frå administrasjonen;

«Vi deler fullt ut engasjementet for tryggleik, nærleik og kvalitet i heimetenestene. Det er nettopp omsynet til brukarane og dei tilsette som har vore utgangspunktet for det omfattande arbeidet som er gjort det siste året.

Det er viktig å understreka at dette er ikkje ei hastig avgjerd, og det er ikkje ei innsparingsøving.

Flytting av base og ny organisering er resultatet av ein grundig, fagleg og involverande prosess, der målet har vore forsvarleg drift, stabil leiing, betre arbeidsmiljø og rett kompetanse på rett plass til rett tid.

Om responstid for brukarar i Søre Fusa

Responstid er vurdert som ein kritisk risikofaktor i arbeidet.

Tiltak som skal sikre at responstida ikkje aukar er:

- Felles turnus og felles ressursdisponering, som gjer det mogleg å setja rett kompetanse der behovet oppstår – uavhengig av tid og sårbarheit i små grupper.
- Sjukepleiarteam med ansvarsvakt, som styrker evna til rask og fagleg forsvarleg handtering av akutte situasjonar.
- Tavlemøte, betre ruteplanlegging og heilskapleg oversikt, som reduserer uproduktiv køyretid og aukar effektiv pasienttid.

Dette gir oss faktisk betre føresetnader for stabil og rask respons enn dagens modell, som har vist seg svært sårbar ved fråvær.

Om lokal tryggleik og relasjonell kontinuitet

Eg har stor forståing for uro rundt tap av lokalkunnskap. Samstundes må vi vera ærlege på kva dagens organisering har ført til:

- Små grupper har gitt tette relasjonar mellom tilsette og brukarar, noko som både kan vera etisk utfordrande og fagleg uheldig.
- Det har vore lite fleksibilitet og høg sårbarheit, særleg i gruppe 1, med låg sjukepleiardekning og store belastningar.
- I ny modell ivaretek vi lokal tryggleik gjennom;
 - Primærkontaktordning med tydeleg ansvar
 - Auka kontinuitet og forutsigbarheit, sjølv ved sjukefråvær
 - Betre moglegheit for hospitering og kjennskap på tvers, utan at brukarane står utan kjent personale

Tryggleik handlar ikkje berre om fysisk avstand til base – men om at tenesta faktisk kjem, har kapasitet og riktig kompetanse når behovet oppstår.

Om skjulte kostnader knytt til reisetid

Ja, reisetid er vurdert – både praktisk og organisatorisk.

Det er samstundes viktig å peika på at dagens modell har skjulte kostnader i form av:

- Uholdbar leiarbelastning og stort gjennomtrekk i leiarstillingar
- Høgt sjukefråvær
- Stor bruk av ufaglærte vikarar
- Mykje ekstraarbeid som følgje av små og sårbare personalgrupper

Ny organisering gir betre moglegheit til å:

- Samordna ruter
- Redusera dobbeltarbeid
- Bruka kompetansen meir målretta
- Skapa meir robuste arbeidsdagar for dei tilsette

Om involvering av dei tilsette

Dei tilsette har vore tett og reelt involverte i heile prosessen.

Kort oppsummert:

- Det er gjennomført tre fysiske workshopar og eitt Teams-møte
- Representantar frå alle delar av tenesta har deltatt
- NAV Arbeidslivssenter og HR/Organisasjonsutvikling har bistått
- Det er gjennomført SWOT-analysar av både dagens modell og nye alternativ
- Etterpå er det etablert lokal arbeidsgruppe og vidare involvering i gjennomføringa

Endringa er gjennomført som eit PSO-prosjekt, der både person, system og organisasjon er ivare tatt.

Dette har ikkje vore ei pålagt løysing ovanfrå, men eit utviklingsarbeid der dei tilsette sjølve har peika på både probleme og moglege løysingar.

Om risikovurderingar og grunnlag for avgjerd

Det er gjort grundige vurderingar av både positive og negative sider ved flytting av basen. Risiko som er identifisert – som kulturforskjellar, motstand mot endring og uro hos brukarar – er eksplisitt adressert i både analysar og tiltaksplanar.

Samstundes var konklusjonen tydeleg: Å halda fram som før representerer den største risikoen – for kvalitet, for arbeidsmiljø og for langsiktig berekraft i heimetenester.

Richard Markhus, Ap fremførte sitt spørsmål om "Flytte rehabiliteringsplassar frå Fusa bu- og behandlingssenter"

Ordførar Terje Søviknes, FrP svara på spørsmålet:

Innleiingsvis vil eg presisera mine svar på spørsmål i kommunestyret vert gitt ut i frå rolla som ordførar. Spørsmål av rein partipolitisk karakter, som eg opplever at nokre av spørsmåla her er, vil normalt ikkje bli svara ut. Slike partipolitiske debattar bør førast i dette politiske ordsiftet.

I denne saka vil eg innleiingsvis syne til tidlegare kommunestyrevedtak knytt til;

- Rammeverket for innsats- og bustadtrappa (juni 2025)
- Sak om dimensjonering av institusjonstenestene (okt. 2025)

Desse sakene gjev dei samla rammene for arbeidet med dimensjonering av institusjonstenestene, herunder avklaring på prosjektorganisering, prosess og mynde. Når det gjeld det overordna synet til representanten om at denne omlegginga fører til sentralisering, svekka pasienttilbod og ulikt tilbod til innbyggjarane i Bjørnafjorden, så deler er ikkje dette synet. Vi er ein kommune, og alle innbyggjarane tel like mykje uavhengig av kvar du bur i kommunen. Dette gjeld også i høve tildeling av helse- og omsorgstenester.

Eg vil også ta avstand frå at «all fagkompetanse» vert flytta frå FBBS, slik representanten uttrykte frå talarstolen. Det er slettes ikkje tilfelle – også i langtidsplassar krev solid fagkompetanse.

Også i denne saka har eg henta inn svar frå administrasjon;

1. Svekking av det lokale fagmiljøet (FBBS)

Bekymringa for svekking av fagmiljøet ved FBBS er reell og kjend, og er også identifisert i SWOT og analysearbeid. Særleg er det peika på risiko for kompetanseflukt og redusert fagleg attraktivitet dersom oppgåver innan korttid og rehabilitering blir flytta.

Samtidig viser det samla analysegrunnlaget at dagens organisering allereie er prega av:

- sårbar bemanning og kompetansedekning
- utfordringar med å rekruttere og halde på fagpersonell
- små og fragmenterte fagmiljø

Den faglege vurderinga er at det å samle meir spesialiserte tenester (som rehabilitering og korttid) gir:

- meir robuste fagmiljø
- betre grunnlag for tverrfagleg samarbeid
- auka moglegheit for kompetanseutvikling og rekruttering

Det er likevel ei viktig føresetnad i det vidare arbeidet å:

- sikre gode fagmiljø også ved FBBS
- følgje opp tilsette i omstillinga tett
- utvikle tydelege faglege roller for langtids- og bu-nære tenester

2. Ekstrabelasting for pasientar og pårørande

Auka reiseavstand og belastning for pårørande er ein identifisert risiko ved omlegginga.

Dette er løfta i innsiktsarbeidet.

Det er særleg peika på:

- mogleg redusert besøksfrekvens
- auka praktisk og økonomisk belastning
- konsekvensar for motivasjon og meistring i rehabiliteringsfasen

Samtidig legg den faglege modellen til grunn at:

- kvaliteten i rehabilitering heng tett saman med tilgang til tverrfaglege team og spesialisert kompetanse
- samling av slike funksjonar gir oss grunnlag for betre pasientforløp og oppfølging

Dette betyr at ein står i ei avveging mellom:

- geografisk nærleik
- og fagleg kvalitet og robustheit i tilbodet

Belastning for pårørande er identifisert som eit område der det må vurderast kompensierende tiltak og tilrettelegging i vidare arbeid.

3. Fare for bit-for-bit nedbygging av FBBS

Bekymringa for at endringa representerer ei gradvis nedbygging av FBBS er forståeleg, særleg i lys av tidlegare utfordringar knytt til drift og bemanning.

Det faglege grunnlaget for prosjektet peikar likevel på at intensjonen **ikkje** er nedbygging, men ei tydelegare funksjonsdeling mellom institusjonane:

- LBBS: korttid, rehabilitering og spesialiserte funksjonar
- FBBS: langtidsomsorg og bu-nære tenester

Denne modellen er vurdert som den som best gir:

- forsvarlege tenester
- robuste fagmiljø
- betre pasientflyt
- berekraftig drift

Det er samstundes viktig å sei at:

- endringar i oppgåvefordeling kan påverke opplevinga av tilbodet lokalt
- det finst ein risiko for uro og svekt tillit dersom dette ikkje blir godt nok følgt opp

Vidare arbeid må derfor ha særleg merksemd på:

- å sikre tydeleg rolle og utvikling for FBBS
- unngå utilsikta svekking av tilbodet
- byggje tryggleik hos tilsette, brukarar og pårørande

Oppsummering

Eit gjennomgåande funn i prosjektet er at både vidareføring av dagens struktur og omlegging inneber risiko. Det er likevel den samla vurderinga at endring er nødvendig for å møte framtidige behov.

Når ein i vurderingane legg vekt på berekraftig drift, inneber det ei løysing som er:

- fagleg forsvarleg
- realistisk å bemanne
- tilpassa framtidige behov
- støtta av dei fysiske rammene
- innanfor økonomiske rammer

Det er gjort vurderingar av både fordelar og ulemper ved den foreslåtte organiseringa av institusjonstenestene. Risikoar som er peika på – mellom anna knytt til fagmiljø, belastning for pårørande og oppleving av redusert tilbod – er kjende og er eksplisitt vurderte gjennom innsiktsarbeid, analysar og vidare planlagt oppfølging.

Samtidig er hovudkonklusjonen frå det samla kunnskapsgrunnlaget tydeleg:

Å vidareføre dagens organisering representerer i seg sjølv ein betydeleg risiko – både for kvaliteten i tenestene, for arbeidsmiljøet og for kommunen si evne til å tilby berekraftige tenester over tid.

Det er forståing for at endringane kan bli opplevde som ei svekking av det faglege tilbodet ved FBBS, og som ei forskyving av tilbodet i kommunen. Dette er ei reell bekymring som må takast på alvor.

Samstundes er intensjonen med endringa ikkje å bygge ned, men å organisere tenestene på ein måte som styrkar det samla tilbodet, sikrar betre kvalitet og gjer oss i stand til å møte framtidige behov.

Grunnlaget for den foreslåtte modellen er at kommunen skal kunne gi eit fagleg forsvarleg og likeverdig tilbod til alle innbyggjarar, uavhengig av kvar dei bur. Tenestene må i større grad organiserast etter kva type helsehjelp som trengst, ikkje berre etter geografisk nærleik til institusjon.

Dette handlar difor ikkje om sentralisering, men om å tilpasse og styrke tenestene slik at vi kan gi rett hjelp, til rett tid, med rett kompetanse – både no og i framtida.

I tillegg vil eg personleg leggja til at vi leverer gode heimetenester i heile kommunen. Basen for heimetenestene i Baldersheim har historisk vore der, men eg vi understreka at vi levere gode tenester også i Strandvik, på Boga, i Heglandsdalen og på Drange – sjølv om vi ikkje har basar for heimetensetene i desse krinsane.

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Interpellasjon til kommunestyret i Bjørnafjorden kommune frå Laila Reiertsen, FrP:

Ordførar,

Livsstilssjukdomar som hjarte- og karsjukdomar, diabetes type 2 og overvekt samt kreft og psykisk helse utgjør ei stadig større utfordring for folkehelsa i Noreg. Desse sjukdomane påverkar ikkje berre livskvaliteten til den einskilde, men legg òg eit aukande press på dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Difor er det avgjerande at vi i Bjørnafjorden kommune prioriterer førebygging som ein sentral del av vår helsepolitikk.

Samtidig er kommunen i gang med å innføre bustad- og innsatstrappa som eit verkemiddel for å tilpasse tenestene til innbyggjarane sine behov. Dette er eit viktig grep for å sikre rett hjelp til rett tid, og for å nytte ressursane på ein berekraftig måte. Likevel er det grunn til å stille spørsmål ved korleis førebygging av livsstilssjukdomar vert integrert i denne modellen.

Ei velfungerande bustad- og innsatstrapp bør ikkje berre handle om å gi meir hjelp når behovet aukar, men òg om å styrkje innsatsen i dei lågaste trinna – der førebygging og tidleg innsats står i sentrum. Her ligg det eit stort potensial for å redusere utviklinga av livsstilssjukdomar gjennom tiltak som fremjar fysisk aktivitet, sunt kosthald, sosial deltaking og god psykisk helse.

På denne bakgrunnen vil eg stille følgjande spørsmål:

1. Korleis sikrar kommunen at førebygging av livsstilssjukdomar, kreft og psykisk ssjukdom vert ein integrert del av bustad- og innsatstrappa?
2. Kva konkrete tiltak vert planlagde eller gjennomførte for å styrkje det førebyggjande arbeidet, særleg på dei lågaste nivåa i trappa?
3. Korleis vil kommunen måle effektane av førebyggjande tiltak opp mot behovet for meir ressurskrevjande tenester på høgare nivå?

Eg meiner at ein tydeleg satsing på førebygging ikkje berre vil betre folkehelsa, men òg bidra til å redusere presset på helse- og omsorgstenestene på sikt. Difor er det avgjerande at dette perspektivet vert løfta fram i arbeidet med bustad- og innsatstrappa.

Takk.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Behandling og vedtak i sak 45/2026, BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 07.05.2026

Behandling:

Laila Reiertsen, FrP fremførte sin interpellasjon.

Ordførar Terje Søviknes, FrP svara ut interpellasjonen:

Her er vi i kjernen av kva innsatstrappa skal bety for tenesteprofilen og ressursbruken til kommunen i åra som kjem. Det handlar om å gradvis vri ressursar frå reperasjon og kostbare tiltak øvst i trappa, - til meir førebygging og rimelegare tiltak nede i trappa.

Administrasjonen har gitt meg følgjande informasjon om arbeidet som no pågår;

1. Korleis sikrar kommunen at førebygging av livsstilssjukdomar, kreft og psykisk sjukdom vert ein integrert del av bustad- og innsatstrappa?

Under innsats- og bustadtrapp er det etablert eit eige delprosjekt med tittel "Helsefremming, førebygging og rehabilitering". Eit viktig mål er å auka helsekompetansen og leggja til rette for betre levevanar blant innbyggjarane for å få ei befolkning med betre helse og fleire friske leveår. Eitt fokus vil vera helsefremjande tiltak for å førebyggja ikkje-smittsame sjukdomar som er belastande for den enkelte og for kommuneøkonomien.

2. Kva konkrete tiltak vert planlagde eller gjennomførte for å styrkje det førebyggjande arbeidet, særleg på dei lågaste nivåa i trappa?

Delprosjekt «helsefremming, førebygging og rehabilitering» har i første omgang tre satsingsområde:

- 1. fysisk aktivitet*
- 2. førebygging, habilitering og rehabilitering*
- 3. sunne levevanar*

Under kvart satsingsområde vert det planlagt tiltak. Tiltaka vil omfatta strukturelle tilhøve, tiltak for endra aktivitets- og levevanar og informasjonstiltak. Arbeidet er i ein tidleg fase, men det vert m.a. vurdert tiltak knytt til å

- 1. Forankra fysisk aktivitet i plansaker og strategisk tilrettelegging av nærmiljø for kvardagsaktivitet*
- 2. Synleggjera og mobilisera til mangfald av lågterskel aktivitetstilbod*
- 3. Styrkja ergo- og fysioterapiteneste gjennom endra arbeidsmåtar (meir gruppetilbod, digitale løysingar og betre pasientflyt) og eventuelt auka ressursar*
- 4. Etablera eit frisklivstilbod i ei eller anna form*
- 5. Tiltak og informasjonsarbeid for sunnare kosthald retta mot barn, sjuke og eldre*

Tiltaka skal bidra til betre livskvalitet og helse for den enkelte her og no, og utsetja behovet for helsetenester og for tenester på eit høgare innsatsnivå på sikt.

For å gjennomføra nokre av tiltaka vil det vera ein premiss at det vert prioritert ressursar inn mot føremålet.

3.Korleis vil kommunen måle effektane av førebyggjande tiltak opp mot behovet for meir ressurskrevjande tenester på høgare nivå?

Det er komplisert å måla effektar, for demografiske eller andre samfunnsendingar kan svekka eller forsterka effektane. Det er likevel ingen tvil om at gevinstpotensialet er stort.

Idear om måling av effektar er:

- 1. Redusert fallrisiko/hyppigheit (skadestatistikk), betre helse og livskvalitet, og mindre press på meir ressurskrevjande helse- og omsorgstenester.*
- 2. Kortare ventelister i ergo- og fysioterapiteneste og færre avvik i høve til normert ventetid på tenester*
- 3. Auka fysisk aktivitet og sunnare levevanar vil på sikt gje redusert omfang av ikkje-smittsame sjukdomar og fleire friske leveår. Dette vil visa att i kommunen sine folkehelsedata, mellom anna kommunen sin folkehelseprofil, som Helsedirektoratet lagar kvar vår.*

Det vil ta tid før ein ser effektar på gruppenivå, og dette føreset ei satsing som har eit perspektiv som går over mange år.

Eg meiner at ein tydeleg satsing på førebygging ikkje berre vil betre folkehelsa, men òg bidra til å redusere presset på helse- og omsorgstenestene på sikt. Difor er det avgjerande at dette perspektivet vert løfta fram i arbeidet med bustad- og innsatstrappa.

Det er difor naturleg at tiltak knytt til førebygging, saman med andre tiltak lågt i innsatstrappa, vert vurdert i dei årlege budsjettprosessane framover.

Møtet blei heva kl. 19:55

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.